



Eik Arkitektur & Design AS
Trond Eik
Nordahl Griegs veg 26
5232 PARADIS

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/15087 - 21/42856

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
18.06.2021

Ferdigattest - gbnr 342/22 hytte med utsleppsanlegg Eikeland

Administrativt vedtak: Saknr: 703/21
Tiltakshavar: Harald Skogheim
Ansvarleg søkjar: Eik Arkitektur & Design AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for hytte med utsleppsanlegg på gbnr 342/22.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 14/660 datert 12.12.2014. Utsleppsanlegg – slamavskiljar på 2 m³ med utslepp til sjøen- vart godkjent i sak 14/660 den 31.05.17 og ettergodkjent i sak 21/2968 den 05.05.21. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken og supplert 18.06.21

Skildring

Adresse:	Eiklandsvege 166
Bygningstiltak:	Hytte med utsleppsanlegg
Bygningsnummer:	30078453

Bruksareal:	97 m ²
Avlaup:	Privat via slamavskiljar til sjøen
Vatn:	kommunalt
Tal på røykløp:	0

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/15087

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Harald Skogheim

Våganeset 21 5106

ØVRE ERVIK

Mottakarar:

Eik Arkitektur & Design AS

Nordahl Griegs 5232
veg 26

PARADIS